

Framlegg til kulturminneplan for Vaksdal kommune 2015-2018

Framlegg til kulturminneplan for Vaksdal kommune 2015-2018 er lagt ut til offentlig høyring frå 8.1 2015 og 6 veker framover. Det vert i denne perioden halde to folkemøte der planen vert presentert. Ett møte på Dale og ett på Eidsland. Det vert annonsert i lokalavisa.



Dei viktigaste kulturminna i Vaksdal kommune er no registrert. Arbeidet har munne ut i eit høyringsutkast til kulturminneplan for Vaksdal kommune 2015-2018. Det er i planen komme framlegg til tiltak i planperioden fram til og med 2018. Her har ein tenkt både bruk og vern av kulturminna. Folk må verta kjende med kulturminna i sitt nærrområde. Det må merkast fram til kulturminna og lagast info om kulturminna. Lokale kulturminneløyper er ein god tanke også sett inn mot eit folkehelse perspektiv.

[Klikk her for å lese høyringsdokumentet \(pdf\)](#)

[Klikk her for å lese vedtaksbrevet \(pdf\)](#)

Møte 27.1 kl 18.30 – 20.00 i Sjøbua på Eidsland

Program:

- Kort innleiing ved politikar Arne Normann.
- Gjennomgang av innhaldet i planen ved sekretær Sveinung Klyve, Vaksdal kommune.
- Historisk innblikk i kulturen i nordre og indre deler av Vaksdal kommune ved Arne Høyland.
- Anita Vik kort om Kallestadstova, Skulemuseet og Skipshelleren.
- Kaffi og diskusjon om tiltak i planen.

Møte 2.2. kl 18.30 – 20.00 i Forsamlingshuset på Dale

Program:

- Kort innleiing ved politikar Arne Normann.
- Gjennomgang av innhaldet i planen ved sekretær Sveinung Klyve, Vaksdal kommune.
- Historisk innblikk i kulturen i søndre og ytre deler av Vaksdal kommune ved Arne Høyland.
- Om Forsamlingshuset på Dale.
- Kaffi og diskusjon om tiltak i planen.

Kom med innspel på kulturminne som du meiner ikkje er komme med eller tiltak du ynskjer i ditt nærrområde.

Kontaktperson: miljøvernrådgjevar Sveinung Klyve, tlf 95987501.

Innspel kan sendast til Vaksdal kommune, Konsul Jepsensgt 16, 5722 Dalekvam eller på e-post: post@vaksdal.kommune.no